

Saksbehandlar: Astrid Lernes, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 15/8205-22

Sørvest Bomvegselskap AS - garanti for lån til kjøp av BT Signaal AS

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev sjølvskuldnargaranti overfor Sørvest Bomvegselskap AS for lån på inntil 22 mill. kr.
2. Garantiansvaret gjeld i inntil 10 år.
3. Garantien må godkjennast av Kommunal- og moderniseringsdepartementet, jf. kommunelova § 51, 1. pkt.

SAKSFRAMSTILLING

Styret i Sørvest Bomvegselskap AS har arbeidd med oppkjøp av BT Signaal AS. Sørvest Bomvegselskap AS søkjer i brev av 10.05.2017 om fylkeskommunal garanti for låneopptak til kjøp av BT Signaal AS. Det vert søkt om at fylkeskommunane - som alle eig Sørvest Bomvegselskap AS - kvar garanterer for 22 mill. kr av lån som må takast opp.

I brevet skriv styreleiar følgjande:

«Bakgrunn

I samband med arbeidet med etableringa av eit regionalt bompengeselskap for Sørlandet og Vestlandet, fekk dei fem fylkeskommunane 7.04.2016 tilbod frå BT Signaal AS om å kjøpa selskapet. Verdien av BT Signaal AS vart då anslått av BT Signaal AS til å vera 120 – 140 mill. kr. Tilbodet vart ikkje formelt svara ut av fylkeskommunane, men det vart i juni 2016 vedteke å etablere eit regionalt bompengeselskap. I notatet «*Eablering av eit regionalt bompengeselskap for Vestlandet og Sørlandet*», frå dei fem fylkesrådmennene, som var ein del av saksgrunnlaget for vedtaka i fylkestinget, vert det vist til at det regionale bompengeselskapet må handsama tilbodet frå BT Signaal AS i samband med vurderinga av driftskonsept for bompengeselskapet.

Driftskonsept

Ulike driftskonsept har vore drøfta i styret i Sørvest Bomvegselskap AS. Marknaden for kjøp av driftstenester har skrumpa inn. Det er derfor blitt meir aktuelt å driva innkrevjing i eigen regi. Dei regionale bompengeselskapa kjem til å overta fleire operative oppgåver frå Statens vegvesen, blant anna knytt til sentralsystem og vegkantutstyr. Det er føresett at selskapa i større grad enn før er i stand til å ta hand om heile verdikjeden i bompengeneinkrevinga. For å kunna møte dei kompetansemessige utfordringane, har Sørvest Bomvegselskap valt å gå inn i ein kjøpsprosess mot BT Signaal. Eit anna alternativ hadde vore å bygga opp ein eigen driftsorganisasjon. Det ville ta lengre tid og det er større risiko knytt til eit slikt alternativ. Med etablering av nye bypakkar og mange store prosjekt i regionen dei komande åra, er det svært viktig å ha god kompetanse

internt i selskapet. Det er føreset at aktiviteten i Agder Bomdrift skal oppretthaldast. BT Signaal, saman med Agder Bomdrift, vil då utgjera eit kompetansemessig sterkt driftsmiljø i Sørvest Bomvegselskap. Under føresetnad av at oppkjøpet av BT Signaal går i orden, vil Sørvest Bomvegselskap raskt bli eit operativt og fagleg leiande selskap innan bompengeforvaltninga i Norge.

Om kjøp av BT Signaal AS

Sørvest Bomvegselskap AS har gjennomført ein due diligence av BT Signaal. Avtalen som no er i ferd med å bli framforhandla, blant anna etter due diligence, inneber ein noko lågare pris enn det som blei tilbode frå BT Signaal til fylkeskommunane. På den andre sida er det enkelte delar av selskapet som ikkje blir overtatt. Dette gjeld først og fremst utviklingseininga i Polen, Sesam Parkering og konsulentenester. Utskilljinga av desse verksemdene blir gjort grunna bompengeaftalen som set strenge rammer for kva oppgåver som kan ligga i eit regionalt bompengeselskap. Sørvest Bomvegselskap AS er dessutan i dialog med Samferdselsdepartementet om eksisterande kontraktar, blant anna ferjekontraktar, som BT Signaal har, om korleis desse kan handterast i ein overgangsfase, ev. til utløp av kontraktane. Sørvest Bomvegselskap har knytt til seg advokatfirmaet Wikborg Rein og PWC for høvesvis juridisk og økonomisk bistand.

Førebels er det ikkje oppnådd full semje om pris og andre føresetnader for å kunna gjennomføra kjøpet. Vi reknar med å verta samde og at kjøpet kan gjennomførast. Det er føreset at den endelege kjøpsavtalen vert handsama i styret og i generalforsamling i Sørvest Bomvegselskap.

Finansieringa er drøfta med DnB og det klart mest gunstige lånet føreset fylkeskommunal garanti. Lånesøknaden vil dessutan ta utgangspunkt i ei nedbetalingstid på ti år. I garantibeløpet og lånesøknaden er det dessutan tatt høgde for at det i oppstarten av selskapet kan bli behov for noko ekstra likviditet (omlag 10 mill. kr).»

Finansiering av oppkjøpet

Samferdselsdepartementet har, i e-post til Hordaland fylkeskommune 24.02.2016, svara ja på at bompengar, på visse vilkår, kan finansiera eit oppkjøp av BT Signaal. Frå svaret frå departementet:

«..det regionale bompengeselskapets kostnader til oppkjøp av eksterne driftsselskaper indirekte kan finansieres av bompengainntekter når bompengeprojektene mottar driftstjenester fra driftsavdelingen/driftsselskapet. Slike tjenester kan det tas betalt for, og kostnadene kan derfor belastet de enkelte prosjektene som mottar de tjenestene det gjelder. I det vederlaget som faktureres/belastes prosjektene må det kunne innkalkuleres en rimelig godtgjørelse for kapitalkostnad, og som kan sette det regionale bompengeselskapet i stand til å betjene lån det har tatt opp for å finansiere oppkjøpet.»

Fylkesbudsjetta vil såleis ikkje bli belasta ved kjøp av selskapet.

Søknad om fylkeskommunal garanti

Sørvest Bomvegselskap AS ber dei fem eigarfylkeskommunane om å stilla garanti for låneopptak opptil 110 mill. kr. Det er føreset at kvar fylkeskommune garanterer for låneopptak i samsvar med eigardel i selskapet. Dette gjev følgjande garantiansvar for kvar fylkeskommune:

Fylkeskommune	Garantisum
Sogn og Fjordane	Kr. 22 000 000
Hordaland	Kr. 22 000 000
Rogaland	Kr. 22 000 000
Vest Agder	Kr. 22 000 000
Aust Agder	Kr. 22 000 000
SUM	Kr. 110 000 000

For ikkje å forseinka framdrifta med kjøpet, ber Sørvest Bomvegselskap AS om at garantisøknaden vert handsama i dei fem fylkestinga innan utløpet av juni månad.

Fylkesrådmannen vurderer risikoen ved å garantere for å vere låg, og tilrår at Sogn og Fjordane fylkeskommune garanterer for sin del av lånet.